

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 2/2018, 05.02.2018

"Kunnskap for framtida" [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

### STUDIEBAROMETERET: NEDGANG FOR HØGSKULEN

Høgskulen i Volda må notere seg for nedgang i studentvurderinga av mange studium i Studiebarometeret for 2017. Studentanes samla score på samla "tilfredshet" går for Volda sin del tilbake frå 4,1 frå dei to siste åra til 3,7 for 2017. Det blir brukt ein skala der 5,0 er beste karakter. Det er stor spreiding i studentanes vurdering i dette eine spørsmålet og rundt halvparten av studieprogramma ved Høgskulen i Volda ligg over det nasjonale gjennomsnittet. Fagmiljøa med størst tilbakegang sidan 2016 har alt hatt fleire møte om tala i Studiebarometeret for å finne ut kva som ligg bak tala og å finne ut kva som kan og bør gjerast. Studiebarometeret er ei nasjonal undersøking som NOKUT står for. Studentar i tredje semester av bachelor- og masterprogram svarar på ei rekkje spørsmål om sin studiekvardag. Tala frå Studiebarometeret vart gjort kjende på eit frukostmøtet i NOKUT måndag 5. februar der prorektor Jens Standal Groven deltok: <https://www.nokut.no/hendelser/2018/februar/nokut-frokost-studiebarometeret/> Les nyhendesak om Studiebarometeret 2017 på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no) Les også rektors blogginnlegg med kommentar til 2017-tala: <https://blogg.hivolda.no/jr>

### Ny budsjettmodell for Høgskulen i Volda: Vurdering frå arbeidsgruppe

Ei arbeidsgruppe har det siste halvåret arbeidd med vurdering av budsjettmodellen til Høgskulen i Volda. Grappa leverte sin rapport innan fristen 1. februar. I sin konklusjon tilrår arbeidsgrappa at HVO held fram med hovudprinsippa i dagens modell, men gjer nokre justeringar. Rapporten går no på høyring i organisasjonen før den blir sendt til styret. Styret får rapporten truleg opp som orienteringssak på komande styremøte 8. mars. Rapporten blir også tema på eit ope møte / allmøte 14. februar. Det kjem meir informasjon om dette møtet seinare. Desse har vore med i grappa: Leiar: Odd Helge Mjellem Tonheim, Tillitsvald Utdanningsforbundet HVO, sekretær: Rådgjevar Kristine Sævik Bjørneset (AHL). Medlemmer: Gunn Marit Lid (AKF), Håvard Bjørnerem (student), Økonomidirektør Ingunn Welle, Jarle Pedersen (ASH), Solgunn Ose Bjørneset (AMF), Pål Hamre (AHL), avdelingsdirektør Terje Bjelle, Høgskulen på Vestlandet.

Arbeidsgrappa sin rapport med to vedlegg er å finne i denne mappa (krev innlogging): [https://hivolda365-my.sharepoint.com/:f/g/personal/jr\\_hivolda\\_no/Er5HMiQSeDVJrQwsLgHbJy0Bm8C-v5uj8exkl3Ap6CxFGA?e=URX0EF](https://hivolda365-my.sharepoint.com/:f/g/personal/jr_hivolda_no/Er5HMiQSeDVJrQwsLgHbJy0Bm8C-v5uj8exkl3Ap6CxFGA?e=URX0EF)

### Styremøtet: Tema for utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet

På førre styremøte vart fire aktuelle tema peika ut som aktuelle for forhandlingar om utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet. Dei fire temaene er ikkje prioriterte frå styret si side: A) Gjennomføre plan for nye GLU, B) Styrke posisjonen som den leiande studiestaden for yrkesretta medieutdanning, C) Utvikle Future skills for innovasjon, kreativitet og etablering, D) Rekruttering og utvikling av toppkompetanse.

Dei neste vekene er avdelingane inviterte til å kome med innspel til måleparameter for kvart tema. Saka skal opp att i styret 8. mars og vedtaket der blir sendt til Kunnskapsdepartementet for vidare oppfølging og forhandlingar med høgskulen.

### **Studentbarnehagen - også for HVO-tilsette**

Studentsamskipnadens barnehage like ved Høgskulen i Volda har ledige plassar. Studentsamskipnaden i Volda gjer merksam på at også barn av tilsette ved Høgskulen i Volda kan søkje om plass i barnehagen. Søknadsfrist for plass i barnehagen for hausten 2018 er 1. mars.

<https://www.sivolda.no/barnehage/category872.html>

### **Henriette Hafsaas-Tsakos blir mellombels forskingssjef**

Biblioteksleiar Henriette Hafsaas-Tsakos vil mellombels fungere i 50 prosent stilling som forskingssjef ved Høgskulen i Volda fram til sommaren, eller til ny forskingssjef er på plass. Hafsaas-Tsakos held også fram som biblioteksleiar i 50 prosent. Som biblioteksleiar har Hafsaas-Tsakos vore observatør i forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda. Hafsaas-Tsakos har ein doktorgrad i arkeologi ved Universitetet i Bergen. Ved første utlysing av stillinga som forskingssjef melde det seg to søkjarar og det vart då vedtatt å lyse ut stillinga på nytt. Stillinga er no lyst ut og har søknadsfrist 28. februar.

Ledige stillingar ved Høgskulen i Volda: <https://www.hivolda.no/stilling>

### **Personaldirektør Nina Cathrin Garshol går til Helse Møre og Romsdal**

Personaldirektør Nina Cathrin Garshol har fått ny jobb i Helse Møre og Romsdal og sluttar ved Høgskulen i Volda 1. mai. Garshol er psykolog og har vore tilsett som personaldirektør ved Høgskulen i Volda sidan 2012. Ho går no inn i stilling som HR-sjef i helseføretaket.

### **Kjetil Myskja held fram i nasjonal termgruppe**

Førstelektor Kjetil Myskja ved Høgskulen i Volda har vorte peika ut for ein ny fireårsperiode som medlem av Universitet- og høgskulerådets termgruppe for åra 2018-2021. I arbeidsgruppa på 12 personar er både Språkrådet, Kunnskapsdepartementet, seks av universiteta og fleire høgskular representerte. Les meir om arbeidet til gruppa:

<http://www.uhr.no/ressurser/temasider/terminologi>

### **HVO i oppslagsverk:**

Omtalane av HVO på Wikipedia (bokmål/nynorsk), Store norske leksikon og Allkunne er av høgst varierende grad av oppdatering. Kontor for samfunnskontakt har oppdatert wikipedia. SNL og Allkunne går vegen om ein redaksjon.

[https://no.m.wikipedia.org/wiki/H%C3%B8gskulen\\_i\\_Volda](https://no.m.wikipedia.org/wiki/H%C3%B8gskulen_i_Volda)

[https://nn.m.wikipedia.org/wiki/H%C3%B8gskulen\\_i\\_Volda](https://nn.m.wikipedia.org/wiki/H%C3%B8gskulen_i_Volda)

[https://snl.no/H%C3%B8gskulen\\_i\\_Volda](https://snl.no/H%C3%B8gskulen_i_Volda) (oppdateringsforslag vart sendt i desember 2017 men er ikkje vurdert enno)

[www.allkunne.no](http://www.allkunne.no) har ikkje eigen omtale av Høgskulen i Volda. Litt uklart om redaktøren vil prioritere det.

### **MØTE- OG ANDRE AKTIVITETAR**

På dei nye nettsidene er kalenderfunksjonen framleis under utvikling. Pr i dag er det ingen enkel måte å bla seg framover i kalenderen på, så det er ikkje så lett å få god oversikt over ting

som skjer. Det blir arbeid for å kome med ei betre løysing. Det er fint om dei som står bak arrangement gir beskjed til rektor om arrangement som kan kome inn på lista nedanfor i framtidige nyhendebrev.

- 07.02.2018: Internasjonal dag, HVO.
- 14.02.2018: Presentasjon og diskusjon av rapport frå arbeidsgruppe for budsjettmodell (AHL er teknisk arrangør)
- 21.02.2018: UiB rektoratet på besøk til HVO.
- 28.02.2018: Seminar i regi av arbeidsgruppa for avdelingsstruktur
- 08.03.2018: Styremøte 2/2018, HVO.
- 14.03.2018: Presentasjon og diskusjon av resultat frå Studiebarometeret 2017 (Dato kan bli endra. AKF er teknisk arrangør)
- 21.-22.3.2018: Solstrandkonferansen, Os.
- 26.04.2018: Styremøte 3/2018, HVO.
- 14.05.2018: Etatstyringsmøte med Kunnskapsdepartementet om utviklingsavtale for HVO for 2019-2021.
- 23.05.2018: Miniseminar om HVO-historia. Forskingsstatus og forskingsbehov (Dato kan bli endra. ASH er teknisk arrangør)

#### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

#### **REKTORBLOGGEN:**

<https://blogg.hivolda.no/jr>